

INKLUDERING OG MANGFALD

På Volda Bygdetun har ein gjennomført fleire ulike store og små tiltak og arrangement der ønskje er å bidra til inkludering og mangfald i Voldasamfunnet. Volda Bygdetun er ein del av det konsoliderte museet på Sunnmøre – Stiftinga Sunnmøre Museum.

Sommarprogrammet i Volda

Volda Bygdetun har samarbeid med Volda Frivilligsentral på mange område. I 2016 og 2017 tok dei initiativ til å utvikle eit aktivitetstilbod i sommarferien for familiar som ikkje har moglegheit til å dra på ferie «Sommarprogrammet i Volda». I hovudsak er målgruppa flyktningfamiliar. Men tilbodet var sjølvstøtt og ope for alle. Det vart organisert ulike aktivitetar på dagtid 1-2 dagar pr veke i heile sommarferien. Volda Bygdetun var med og utvikla opplegget og aktivitetane. Lag og organisasjonar i Volda vart så inviterte til å ta ansvar for kvar sine dagar og opplegg. På Volda Bygdetun arrangerte vi to aktivitetsdagar begge åra. På den eine dagen i 2016 lagde vi papir, fortalde om sunnmørshistoria med utgangspunkt i hus og gjenstandar i tunet, serverte grønsakssuppe og tilbød barneriding. Den andre dagen fokuserte vi på utnytting av vekstar i skog og mark. Vi plukka blåbær og sopp, rørte blåbærsyltetøy og tyttebærsyltetøy som barna fekk ta med heim, serverte vaflar og «Haualeitegraut» og hadde hesteskokasting. På aktivitetsdagane i år har vi hatt plantefarging, og bruk av garn og ull, teiknebord og dypping av lys. Vi har også servert mat slik som i fjor. Både flyktningar, innvandrarar, studentar frå Høgskulen i Volda og lokalbefolkninga deltok på desse arrangementa. Det var sosialt og uformelt og vi opplevde at både lokalbefolkning og flyktningar sette pris på tilbodet.

Sommarjobb på Volda Bygdetun

Vaksenopplæringa i Ørsta har tre vekers arbeidspraksis i lokale bedrifter som ein del av norskopplæringa til asylsøkjjarar. Formålet med dette er at personane skal få verte kjende med norsk arbeidsliv og bruke norsk språk meir aktivt. Her på Volda Bygdetun arbeidde det to personar. Vi opplevde dette som nyttig og lærerikt både for oss og for dei som hadde sommarjobb. På sommaren er det mykje praktisk arbeid som må gjerast ute på museet og slikt arbeid er det fint å vere fleire om. Slikt arbeid er også ein fin inngang til å lære språk og kultur på. Dei som arbeider her er også med på gjennomføringa av aktivitetsdagane.

Språkpraksis

Ein person hadde delar av si norskopplæring ved Volda Bygdetun 2-3 dagar i veka i 3 månader. Då hjalp han i hovudsak handverkar med små og store handverksoppgåver. Vedkomande hadde arbeidserfaring som handverkar frå sitt heimland og fekk difor utført mykje førefallande arbeid på musea i Volda.

Volda Læringscenter har i fleire år lagt avslutningsdagen for norskopplæringa hit til Volda Bygdetun. Då har vi fortald om Volda Bygdetun, museum i Noreg generelt og om lokal og nasjonal nyare historie.

Gratis for alle

At tilbudet er ope og gratis for alle styrkar det integreringa. Dei som kjem, kjem fordi dei vil og dei kjem på like premissar. Då får ein fine samtalar over kaffikoppen rundt borda. Aktivitetane borna er med på og dei gamle husa, bidreg til at ein har noko å snakke om på tvers av nasjonalitet. Det er ikkje oss og dei.

Neste år

Både tilbudet til vaksenopplæringa og praksisplassane kjem til å vere eit tilbød får vår side. Om Sommarprogrammet vert vidareført av Frivilligsentralen er vi med på det også. Planen er å gjenta det til neste år også, men det er avhengig av finansiering. Dei har tidlegare fått stønad i år frå UDI, Volda Sanitetslag , Møre og Romsdal Fylkeskommune i tillegg til kommunale midlar. Det er langt enklare å vere med på slike tiltak når vi får kostnadsdekning for det.